

Referat

Møte 01-21 Omstilling i Sykkylven



Dato : Torsdag 11. februar 09.00 – 11.30
Stad : Microsoft Teams
Til stade: Omstillingsstyret:
Sykkylven kommune, ordfører Odd Jostein Drotninghaug – leiar av styringsgruppa
Politisk representant, Torill Velle
Politisk representant, Clara Strømmegjerde
Sykkylven Industri- og Næringslag, styremedlem Leif Jarle Aure
Ekornes, HR- og digitaliseringsdirektør Øystein Vikingsen Fauske
Sykkylven Stål, marknadssjef Ranveig Mari Fagerli
Driv Design, Åse Fet

Observatører i omstillingsstyret:
Innovasjon Norge, spesialrådgjevar omstilling Anne Helgesen
Møre og Romsdal fylkeskommune, ass. næringsdirektør Eivind Vartdal Ryste
Sykkylven kommune, kommunedirektør Geir Ove Vegsund
Sykkylven Næringsutvikling, Åsne Folstad (referent)

Forfall: Bankplassen Mat og Drikke, Anita Igelkjøn
Sykkylven Handelsforening, leiar Kåre Atle Vangen

Vedlegg Forslag til årshjul for omstillingsstyret 2021

Saker:

01/21 Status oppstart frå programeiger, organisering og tilsetting, Geir Ove Vegsund og Odd Jostein Drotninghaug

Presentasjonsrunde før informasjon om tilsetting av prosjektleiar Lise Gundersen Haukeberg, som startar 1. mai.

02/21 Informasjon frå fylkeskommunen om tildeling, Eivind Vartdal Ryste

Tildeling i kultur-, næring- og folkehelseutvalet 02.02. med full utteljing. God søknad, ambisiøs, mogleg å overføre midlar til neste år, og delutbetalingar gjennom året. Sluttrapport ved årsslutt.

Fylkeskommunen har ønskje om involvering, for å kople mot andre prosessar regionalt, nasjonalt og om så internasjonalt. Finansieringa skal gje grunnlag for medfinansiering frå andre kjelder til dei ulike tiltaka, til dømes Innovasjon Norge, NFR eller private. Vedtaksbrev er sendt kommunen.

- 03/21 Informasjon frå Innovasjon Norge, arbeidsstruktur og verktøy, Anne Helgesen
- Orientering om omstillingsprogrammet, oppfrisking og informasjon til nye medlemmar av omstillingsstyret. Rapportering etter definerte mål ved årsslutt etter IN-mal som skal rapporterast vidare til KMD, med oversikt over bruk av midlar.*
- IN har oppfølgjingsansvar med tilgjengelige verktøy og malar. Anne informerte om ny kommunelov, krav til openheit, arkivplikt, taushetsplikt, fallgruver og suksessfaktorar.*
- Til neste møte vil forslag til styreinstruks bli lagt fram, også stillingsbeskrivelse for programleiar inklusiv fullmakt og retningsliner for bruk av omstillingsmidlar.*
- Søknad for 2022 til gjennomgang med Eivind og Åsne før KMD-frist i mars.*
- 04/21 Presentasjon strategi, HP og kommunikasjonsplan, Åsne Folstad
(<https://skaparglede.no/omstilling/strategi-og-handlingsplan/>)
- Vedtatt strategi for heile omstillingsperioden 2021-26, handlingsplan for 2021 og kommunikasjonsplan blei presentert. Hovudmål 170 nye og sikra arbeidsplassar for heile perioden, med definerte mål per innsatsområde per år.*
- 05/21 Prioriterte arbeidsoppgåver oppstart, Åsne Folstad
- Masterplan reiseliv/opplevingsnæringar (innsatsområde 2.)
 - Gründeri og co-work «ldébanken» (innsatsområde 3.)
 - SMB Utvikling (innsatsområde 1.)
 - Næringsvennlig kommune (innsatsområde 4.)
- Vedtak:*
Styret stilte seg positive til forslag om prioriterte arbeidsoppgåver for Q1
- 06/21 Årshjul for omstillingsstyret 2021, Åsne Folstad
- Datoar for dei tre møta før sommaren sendast ut snarleg, etter koordinering av kalendarar.*
- 07/21 Eventuelt
- Spørsmål om godtgjersle kan den einskilde ta med fungerande prosjektleiar. Kommunale satsar vert lagt til grunn, med møtegodtgjersle og ev. godtgjersle for tapt inntekt.*

Referent ÅF